



Miljødirektoratet

Saksbehandlar, innvalstelefon

Stein Byrkjeland, 5557 2114

Maria Knagenhjelm 57643137

Marint vern kring Stad - fagleg gjennomgang i Miljødirektoratet

Vi viser til oppdraget Fylkesmannen har fått om å utarbeide eit framlegg til marint kring Stad, og til vårt brev av 3.11.2017 med melding om oppstart av arbeidet med ein verneprosess.

Saka skal sendast til høyring til alle involverte instansar, men før dette kan gjerast skal Miljødirektoratet vurdere og godkjenne dokumenta som vert sendt til høyring. Etter utgreiingsforskrifta skal involverte kommunar og fylkeskommunen ha gjenpart av slik korrespondanse.

Dette skrivet er denne oversendinga til direktoratet. Det er ingen grunn for kommunane eller fylkeskommunen å respondere på dette, for den eigentlege høyringa kjem seinare.

Fylkesmannen tek sikte på å gjennomføre høyring av framlegget så snart vi har fått tilbakemelding frå Miljødirektoratet.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Eline Orheim
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Framlegg Stad marine verneområde april 2020
- 2 Framlegg til forskrift om vern av Stad marine verneområde 20.04.2020
- 3 Framlegg til Stad høyringskart



Kopi til:

Møre og Romsdal fylkeskommune

Fiskeridirektoratet

Stad kommune

Rådhusvegen 11

6770 NORDFJORDE

ID

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020 BERGEN

Til adressatar i følgje liste
(jf adresseliste for utsending av oppstartmelding)

Marint vern i Vestland - høyring av verneframlegg Stad marine verneområde

Fylkesmannen i Vestland sender på høyring eit framlegg til Stad marine verneområde i medhald av § 39 i naturmangfaldlova. Området er utvida på sørsida av Stad i høve til oppstartmeldinga, samstundes som det er opna for taretråling på nordsida aust for Stålet.

Arbeidet er vurdert etter § 42 i naturmangfaldlova og kapittel VII i forvaltingslova. Dette er eit ledd i arbeidet med å verne eit representativt utval av norsk natur for komande generasjonar.

Høyringsfristen for å kome med fråsegn til verneframlegget er sett til **xx.xx.2020.**

Arbeidet er gjennomført etter oppdragsbrev frå Klima- og miljødepartementet til Miljødirektoratet av 18.04.2017, som gav Fylkesmannen i oppdrag å gjennomføre ein verneplanprosess for Dalsfjorden og Stad som marine verneområde. I eit brev av 03.11.2017 sende Fylkesmannen i Sogn og Fjordane oppstartmelding for arbeidet med marint vern for Stad. Fylkesmannen hadde eit møte med Selje kommune 06.12.2017, og eit ope møte på Leikanger i Selje kommune om kvelden same dag. Fylkesmannen hadde eit møte med Selje kommune og Fiskeridirektoratet 04.06.2019. På møtet vart ein samde om å halde ei synfaring med lokale representantar, fiskenæringa og taretrålingsnæringa. Synfaringa vart halden 11.09.2019.

Frå 01.01.2020 gjekk Selje kommune inn i Stad kommune.

Juridisk grunnlag

Marine verneområde vert oppretta i medhald av § 39 i naturmangfaldlova:

«§ 39 (marine verneområder)

Det kan opprettes verneområder i sjø for å beskytte marine verneverdier, herunder naturverdier som er økologiske betingelser for landlevende arter.

Som marine verneområder kan vernes områder som

- a) inneholder særegne eller representative økosystemer og som er uten tyngre naturinngrep,*
- b) inneholder truet, sjelden eller sårbar natur,*
- c) representerer en bestemt type natur,*
- d) på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold,*
- e) utgjør en spesiell geologisk forekomst,*

f) har særskilt naturvitenskapelig verdi, eller

g) har særskilt betydning som økologisk funksjonsområde for en eller flere nærmere bestemte arter.

Verneområder i sjø kan opprettes for å oppfylle ett eller flere av målene i § 33 første ledd. Verneområdet i sjø må angi om verneformålet og restriksjoner gjelder bunn, vannsøyle, overflate eller en kombinasjon av disse. For øvrig gjelder §§ 33, 34 og §§ 40 til 51 tilsvarende så langt de passer.

I et verneområde i sjø må ingen foreta seg noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet. Et verneområde i sjø kan vernes mot all virksomhet, forurensning, tiltak og bruk, med de begrensninger som følger av folkeretten. Restriksjoner på aktivitet skal stå i forhold til verneformålet.

Høsting og annen utnyttning av viltlevende marine ressurser reguleres etter havressurslova innenfor rammene av verneforskriften.

Marine områder der beskyttelsen kun består av nærmere bestemte regler om utøving av fiske, fastsettes etter havressurslova.»

§ 42 (kunngjøring av påtenkt verneforslag)

Vernemyndigheten skal kunngjøre verneforslaget, med de viktigste følger det antas å få, i minst én avis som er alminnelig lest på stedet. Forslag til verneområder i sjø skal kunngjøres på en måte som er hensiktsmessig for å gjøre berørte interesser kjent med forslaget. Grunneiere og rettighetshavere skal så vidt mulig underrettes ved brev og gis en rimelig frist for å komme med merknader før forslag utformes.

På et tidlig tidspunkt i saksforberedelsen, og i god tid før kunngjøringen, skal det søkes samarbeid med offentlige myndigheter, organisasjoner mv. som har særlig interesse i tiltaket. Utarbeidelse av forskrift skal skje i et samarbeid med berørte sentrale myndigheter.

Verneverdiar og føremål

I oppstartmeldinga vart verneverdiane kring Stad skildra slik:

«Kandidatområdet kring Stad omfattar areal i Selje kommune, og området er ein god representant for dei ekstremt eksponerte delane av kysten. Planområdet er på i alt ca. 114 km². Farvatnet er relativt grunt, og med særne bølgetilhøve på noko av den mest vêrharde kysten i Noreg. Det er nokre (undervass-)skjer i området, elles er farvatnet reint sjølv om det er relativt grunt med ein sjøbotn som skrånar langsamt utover frå land. Kandidatområdet utgjer den inste delen av kontinentalsokkelen kring Stad, og størstedelen har ei djupne < 50 meter, medan ytst er djupna kring 200 meter. Sør i området er det registrert flokkar på nokre hundre mytande ærfugl, noko som tyder på at taeskogen har ein velutvikla fauna.

Området kring Stad inneheld også førekomstar av sokne torvmyrar. Dette er eit element som er spesielt og sjeldsynt i Noreg, sidan dette er eit av dei få kystavsnitta der havet har trengt inn over land etter den siste istida.

Det er nokre naturreservat i området: Det gjeld Tungevåg våtmarksreservat (Kgl.res. 20.12.1991, 0,615 km², 0,614 km² sjø), Høgfjellet sjøfuglreservat (Kgl.res. 28.5.1993, 0,39 km²,

0,11 km² sjø) og Dekkjene myrreservat (Kgl.res. 18.6.2004, 4,547 km²). Dalsbøvassdraget som er verna mot kraftutbygging, munnar ut i kandidatområdet i Ervik.

Føremålet med vern av området å ta vare på eit representativt havområde på den ytre, eksponerte kysten, frå land til ope hav. Verneverdiane i eit slikt område er knytt til botnen og botnorganismane, og den store spennvidda i djupnetilhøve, botntilhøve og eksponeringsgrad, som til saman gjev stor spennvidde i plante- og dyreliv. Verneverdiane er altså knytt til mangfaldet av undersjøiske naturtypar i dette sterkt eksponerte kystområdet på den inste delen av kontinentalsokkelen.»

Etter oppstartmeldinga har Rådgivende Biologer AS på oppdrag frå Fylkesmannen gjort undersøkingar kring Stad, både av naturmangfaldet generelt på grunnlag av videomateriale frå Norges geologiske undersøkelse (NGU) i samband med marin grunnkartlegging, og gjennom egne undersøkingar i grunne område. Konklusjonane er som følger:

Samandrag frå Rådgivende Biologer sin rapport om funn i videoar frå NGU:
«Rådgivende Biologer AS har på oppdrag frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane gjort ein gjennomgang og rapportering av marint naturmangfald frå eksisterande videomateriale til Norges Geologiske Undersøkelse (NGU). NGU har utført fleire korte videotransekt i ytre delar av Stadlandet i 2018, i hovudsak djupare enn 20 m djupne.

*Videomaterialet frå NGU visar at det er særst ulike typar botntilhøve i ytre delar av Stadlandet, med mykje innslag av blandingsbotn, skjelsandbotn og sandbotn. Det var også ein del hardbotn, ofte som store steinblokker og berg, samt også fjellbotn med tett tareskog i grunnare område. Eit relativt rikt dyreliv vart registrert i område med blandingsbotn eller der det var innslag av hardt substrat. Til dømes ulike artar svamp, sjøpungar, mosdyr, hydroider, nesledyr og børstemakk. Mindre artsmangfald av makrofauna vart registrert der det var rein sedimentbotn. Artar var stort sett vanleg førekommande, men to raudlista artar (glaskorall og sjøtre) førekom i eit av dei tilsynelatande djupaste transekta (videofil V1511011). Glaskorall (*Lophelia pertusa*) og sjøtre (*Paragorgia arborea*) er raudlista i kategori nær trua (NT). Førekost av desse artane, samt korallgrus indikerer at det kan vere meir korallar i området, spesielt på bratt fjellskråning på større djupner. Det vart ikkje avgrensa viktige naturtypar basert på videomaterialet.*

I samandraget til rapporten frå Rådgivende Biologer for dei grunne områda, der sju utvalde område med mogleg førekomst av viktig marint naturmangfald vart synfart står det:

«Kartlegging av marint naturmangfald vart utført av Bernt Rydland Olsen den 30. og 31. oktober og 21. og 22 november 2018. Tungevågen og Honningsvågen vart synfart med småbåt og undervasskamera, medan ROV kartlegging av ni transekt vart utført i grunne (0-40 m) og eksponerte delar av føreslått verneområde.

Langs heile kysten av Stad er det i grunne område frå 25-20 meters djupne registrert den viktige naturtypen større tareførekomst av stortare. Stortare vaks ned til maksimalt 32 m djupne, men då som enkeltindivid eller spreidde førekomst. Basert på ROV kartlegging og

botnkart utarbeida av NGU er større tareskogsførekomstar vurdert å vere omtrent samanhengande forutan grunne og kjende blautbotnsområde og sandbankar ved til dømes Ervika, Hoddevika, Honningsvågen og Tungevågen. Tareskogsførekomstane er avgrensa til 14331 daa og vurderast som svært viktig (A-verdi) grunna samanhengande areal > 500 daa i høve til DN handbok 19. Eit rikt dyre- og algeliv vart registrert i tareskogen og studiar har vist at over 100.000 organismar kan finnast på ein enkelt tarestilk. Stortareskog er eit svært produktivt og viktig økosystem som dannar livsgrunnlaget for ei mengde marine organismar.

I ytre delar av Tungevågen vart det avgrensa den viktige naturtypen ålegraseng. Ålegrasenga vart avgrensa til 58,4 daa og er vurdert som viktig (B-verdi) i høve til DN handbok 19.

Det vart ikkje registrert raudlista artar eller naturtypar ved denne feltgranskinga. Kartlegginga vart utført noko overordna for å kunne dekkje eit stort område og kunnskap om artsmangfald er difor ikkje på detaljnivå. Kartlegging av marint naturmangfald visar at det er jamn og stor førekomst av stortareskog langs kysten ved Stad».

Rådgivende Biologer skriv vidare at «Feltarbeidet vart utført i oktober og november 2018 og det var gode tilhøve for utføring av arbeidet. Arbeidet vart gjort seint i sesongen, men ein fekk likevel fekk god oversikt over naturmangfaldet i ulike delar av det føreslåtte verneområdet. Kartlegginga vart utført noko overordna for å kunne dekkje eit stort område og kunnskap om artsmangfald er difor ikkje på detaljnivå.»

Rådgivende Biologer AS gjorde hausten 2019 nye undersøkingar i området som Selje kommune, grendalaget m.fl. har kome med framlegg om å utvide på sørsida av Stad. Konklusjonen i rapporten er som følgjer (frå Samandraget):

«Langs heile strekninga av Furuneset-Lunden er det ned til 25-20 meters djupne registrert den viktige naturtypen større tareførekomstar av stortare (I01). Stortare vaks ned til maksimalt 32 m djupne, men då som enkeltindivid eller spreidde førekomstar. Basert på ROV kartlegging og botnkart utarbeida av NGU er større tareskogsførekomstar vurdert å vere omtrent samanhengande langs heile kysten av Stadlandet forutan grunne og kjende blautbotnsområde og sandbankar ved til dømes Ervika, Hoddevika, Honningsvågen og Tungevågen. Tareskogsførekomstane for strekninga Furuneset-Lunden er avgrensa til 5429 daa, men vurderast å henge saman med avgrensa tareskog (14331 daa) for føreslått verneområde. Til saman utgjer dette 19760 daa og naturtypelokaliteten vurderast som svært viktig (A-verdi) grunna samanhengande areal > 500 daa i høve til DN handbok 19. Noko ulik aldersfordeling på tareskogen vart registrert på transektet inne ved Furestranda (T7) og Dragsvika (T9), og tareskogen bar preg av å ha blitt trålt. Eit rikt dyre- og algeliv vart registrert i tareskogen og studiar har vist at over 100.000 organismar kan finnast på ein enkelt tarestilk. Stortareskog er eit svært produktivt og viktig økosystem som dannar livsgrunnlaget for ei mengde marine organismar.

Det vart ikkje registrert raudlista artar eller naturtypar ved denne feltgranskinga. Kartlegginga vart utført noko overordna for å kunne dekkje eit stort område og kunnskap om artsmangfald er difor ikkje på detaljnivå. Kartlegginga visar at det er jamn og stor førekomst av stortareskog langs strekninga Furuneset-Lunden.»

Fylkesmannen vil peike på at noko av det særmerkte ved det marine verneområdet kring Stad er den omfattande stortareskogen, som er eit uvanleg produktivt og viktig økosystem som gjev livsgrunnlag for ei svært mange marine organismar. Stortare er ein organisme som er svært effektiv til å lagre CO₂.

Prosesen vidare

Det er Fylkesmannen i Vestland som er ansvarleg for å lage verneframlegg og sende dette på høyring etter rammer sett av Miljødirektoratet.

Oppstartsmelding om arbeidet med marint vern i Dalsfjorden og kring Stad vart sendt til alle aktuelle partar i november 2017. Det har så langt som råd vore teke omsyn til innspel til oppstartsmeldinga ved utarbeiding av det endelege verneforslaget, som inkluderer framlegg til verneforskrift med vernereglar, avgrensing og verneverdiar. Ei oppsummering av innspela til oppstartsmeldinga er teke inn i dette brevet.

Etter høyringa av framlegget til marint vern er gjennomført, vil Fylkesmannen utarbeide ei tilråding for vern som vert sendt til Miljødirektoratet. Deretter sender Miljødirektoratet ei endeleg tilråding til Klima- og miljødepartementet som kan fremje vedtak om oppretting av verneområde for Kongen i statsråd. Eit eventuelt vernevedtak vil vere ein kongeleg resolusjon, der verneforskrifta med tilhøyrande vernekart er dei juridisk bindande dokumenta.

Dersom vedtak om vern vert ein realitet, skal Fylkesmannen i ettertid utarbeide forvaltingsplan for det einskilde området. Forvaltingsplanen er ikkje juridisk bindande på same måten som verneforskrifta, og skal skissere ei rettesnor for forvaltinga innanfor rammene av verneforskrifta. Det vil bli eigne høyringsprosessar for desse forvaltingsplanane.

Verneforskrift og grenser

Ved oppretting av eit marint verneområde vert det utarbeidd verneforskrift som fortel kva for restriksjonar som vert lagde på aktivitetar i området (sjå vedlegg). Oppretting av eit marint verneområde inneber at det vert forbod mot tekniske inngrep under sjøen. Eigedomstilhøva vert ikkje endra ved oppretting av marine verneområde. Staten er eigar for alt som er utanfor 2 meter djupne.

Grensa for det marine verneområdet mot land kring Stad følgjer i hovudsak marbakken på 2 meter djupne, med unntak av der det er tilgrensande naturreservat. Her følgjer grensa for det marine verneområdet grensa til det aktuelle naturreservatet.

Fylkesmannen går i framlegget inn for å utvide det marine verneområdet i sør i høve til avgrensinga i oppstartsmeldinga, i tråd med framlegg frå Selje kommune og fleire andre høyringspartar, samstundes som vi også går inn for noko mildare forskrift aust for Stålet (sjå under).

Konsekvensar av vernet

Forslag til restriksjonsnivå går fram av framlegg til verneforskrift.

Det blir ikkje lagt opp til restriksjonar på fritidsfiske. Det vil heller ikkje bli restriksjonar på ferdsel, bruk av ankringsplassar og Kystverket sitt arbeid i fiskehamnar. Det er ønskjeleg å halde området mest mogleg upåverka av havbeite. I verneforskrifta heiter det at «Dyrelivet i sjø og knytt til sjøbotnen er verna mot skade og øydelegging. Utsetjing av organismar er forbode». Hausting av naturlege bestandar på ein berekraftig måte vil ikkje bli forbode gjennom vern.

Inngrep på botnen bør ein unngå og må i hovudsak ha løyve. Dette gjeld uttak av massar, til dømes skjelsand, sand og grus. Deponering av massar bør ein også unngå. Om det blir tilført massar til sjøbotnen kan dette føre til nedslamming av botn og botnfauna over eit større område i fjordbassenget. Ved tekniske inngrep, som oppføring av nye kaianlegg og småbåthamner må det søkast dispensasjon (sjå utkast til verneforskrift). Det er lagt opp til strenge restriksjonar for tiltak som utfylling, byggeverksemd, mudring, deponering av massar, undervasssprenging, legging av kablar, utslepp av kjølevatn og ballastvatn, utnytting av mineralske ressursar og installasjonar for energiutnytting. Mindre tiltak kan eventuelt tillatast. Langtidsoppankring av båtar og skip vil vere forbode, jf. korallforskrifta som regulerer oppankring ved korallrev. Utlegging av røyrleidningar og kablar i sjø bør ein ta sikte på å unngå. Om det er naudsynt å legge ein kabel gjennom området bør dette skje i utvalde korridorar og med skånsame metodar slik at påverknaden blir minst mogleg.

Generelt vil det vere opning for at eksisterande anlegg og innretningar skal få naudsynt vedlikehald. Det er ikkje lagt opp til restriksjonar på drift av eksisterande anlegg og innretningar.

Fylkesmannen meiner at taretråling skal vere forbode i det marine verneområde kring Stad vest for Stålet og i sør (Fureneset-Liset). Vi gjer framlegg om at taretråling skal vere tillate innanfor heile den delen av det marine verneområdet som ligg aust for Stålet inn mot Møre og Romsdal fylke. Kring Stad vil eit marint verneområde innebere nye restriksjonar på taretråling i vest. Fiske med passive reiskap (snøre, teine, ruse, garn, line) vil vanlegvis ikkje ha negative konsekvensar for verneverdiane, og kan såleis halde fram. Om det er særleg sårbare delar av området kor det er førekomstar av til dømes korallar som kan ta skade av fiske med garn, kan ein ha strengare restriksjonar der. Miljødirektoratet kan av omsyn til korallførekomstar ved forskrift regulere eller forby verksemd i det marine verneområdet (sjå § 4 Generelle unntak frå vernereglane). Fiske etter pelagiske artar med not og trål i dei frie vassmassane vert vurdert til å ha liten effekt på verneverdiane. Nye fiskeri med ny reiskap som kan påverke botn bør ikkje tillatast. Det er i dag ikkje noko tråling av botnfisk i kandidatområdet. Bruk av snurrevad påverkar ikkje sjøbotnen og vil vere tillate.

Eksisterande akvakulturanlegg, skjelanlegg og konsesjonar vil ikkje få restriksjonar av vernet. Ved utviding og fornying av konsesjonar kan det etter søknad gis dispensasjon. Det vert då stilt krav om at havbruksaktiviteten ikkje er i strid med verneformålet og ein må rekne med at det vil bli stilt krav til minimal påverknad på naturmiljøet og at dei

mest miljøforsvarlege driftsmetodane blir brukte. Etter innspel frå Selje kommune går vi inn for at det aust for Stålet kan opnast for etablering av akvakulturanlegg etter søknad.

Konsekvensar for næringsverksemd

Restriksjonsnivået avgjer om pågåande næringsverksemd får ulemper av vernet, men vi forventar at problema blir små med unntak av for taretråling. For taretråling inneber det marine vernet at området sør for Stad ikkje vil vere tilgjengeleg for taretråling. FMC Biopolymer Dupont har gjort det klart at området er viktig for dei då dei tek opp 5000-6000 tonn stortare dei åra dei haustar her. Samstundes er taretråling konfliktfylt lokalt. Konfliktane knytte til moglege negative effektar for framtidig næringsverksemd er elles truleg ikkje store, men eit vern vil sjølvstøtt bli vurdert i nært samarbeid med involverte kommunar. Verneframlegget kan ha ein positiv effekt for turistbedrifter nær området. Det er mange turistbedrifter i nærområdet som driv med båtutleige til fritidsfiskarar. Generelt aukar ofte turismen til område rundt store naturvernområde, sidan eit vern indikerer at det kan vere flotte naturopplevingar der.

Møte og synfaringar

Fylkesmannen har halde følgjande møte og synfaringar i samband med oppstarten av verneplanarbeidet kring Stad:

- 6.12.2017 – Møte med Selje kommune
- 4.06.2019 – Møte med Selje kommune og Fiskeridirektoratet
- 11.09.2019 – Synfaring med Selje kommune, grunneigarar, Fiskeridirektoratet, FMC Biopolymer Dupont, fiskeriorganisasjonar m.fl. i området Fure – Drage på sørsida av Stadlandet.

For oppsummering av møte og synfaringar sjå vedlegg 3.

Fylkesmannen si oppsummering av innspel til oppstartmeldinga, på møte og på synfaring, grenser og verneforskrift

Fylkesmannen har teke inn i verneforskrifta alle innspel til oppstartmeldinga så langt det har late seg gjere, dvs. utan at det går ut over verneformål og retningslinjer for marint vern i Noreg. Vi har på bakgrunn av fråsegn frå Selje kommune og sterke ønskje lokalt valt å utvide området i høve til oppstartmeldinga, dvs. havområdet frå Ytre Fure til og med Liset på sørsida av Stadhalvøya er no med i framlegget (sjå vedlagt kart), og med det utvida frå ca. 134 km² til 157 km². Vi er klar over at utvidinga på sørsida av Stad er konfliktfylt i høve til taretrålingsinteressene, og difor meiner vi det vil vere rett å ikkje leggje avgrensing på hausting av stortare aust for Stålet, jf framlegget til verneforskrift. Både på sørsida av Stad og på nordsida aust for Stålet er stortareområdet av svært stor verdi.

Avgrensinga av det marine verneområdet må såleis sjåast i samanheng med verneforskrifta. Det er store taretrålingsinteresser aust for Stålet (5°11'9" Øst), Fylkesmannen går difor inn for at det i framlegget til verneforskrift vert gjort unntak for taretråling slik at forbodet ikkje gjeld i denne austre delen av Stad marine verneområde.

Vi ser det som svært verdfullt at ein med ei slik løysing får ein eit godt grunnlag for over tid å sjå og vurdere verknaden som taretråling har på stortareskog sett i forhold til naturleg tareskog utan hausting.

Selje kommune ønskjer opning for etablering av akvakulturanlegg aust for Stålet og ned mot Tungevåg. Sett i samanheng med at taretråling er tillate aust for Stålet, meiner vi at det etter søknad skal vere opning for å etablere akvakulturanlegg aust for Stålet (5°11'9" Øst), inn mot grensa mot Møre og Romsdal.

Verneprosessen er elles slik at etter at eit framlegg er sendt på høyring, kan berre verneområde gjerast mindre, og verneforskrifta gjerast mindre streng, og difor må framlegget omfatte dette tilleggsområdet no.

Avgrensing av områda og privat eigedom

Avgrensinga inn mot kysten varierer avhengig av om kystlinja allereie er verna eller ikkje. Der det er eksisterande naturreservat som går ut eller ned til sjøen, føreslår vi å trekke grensa slik at tidevassona blir inkludert, og slik at vern etter naturvernlova vert samanhengande. Elles føreslår vi at grensa blir trekt utanfor privat grunn ved marbakken på 2 meters djup. Difor har vi ikkje sendt særskilt brev til alle eigedomar som grensar til kandidatområdet. Unntaket er grunne område med store verneverdiar. Fylkesmannen vil ta synfaring i områda saman med grunneigar og kommunen når det er ønskje om det.

Erstatning

Etter § 50 i naturmangfaldlova har eigar eller rettshavar i område som vert verna som naturreservat rett til erstatning for økonomiske tap når vernet gjer noverande bruk vanskeleg. Sidan marint vern i hovudsak vil gjelde utanfor privat grunn (marbakken på 2 meters djup) vil dette truleg gjelde få grunneigarar. Naturmangfaldlova om erstatning lyder som følgjer:

«§ 50 (erstatning til eiere og rettighetshavere i verneområder)

En eier eller rettighetshaver i eiendom som helt eller delvis blir vernet som nasjonalpark, landskapsvernområde, naturreservat, biotopvernområde eller marint verneområde, har rett til erstatning fra staten for økonomisk tap når et vern medfører en vanskeliggjøring av igangværende bruk. For bruk som trenger tillatelse fra offentlig myndighet, gjelder retten til erstatning bare hvis tillatelse er gitt før det er foretatt kunngjøring etter § 42.»

Namn

Namn på verneområdet er ein del av verneplanprosessen med høve til å kome med innspel og framlegg. Det mest aktuelle namnet er etter vårt syn «*Stad marine verneområde*». Statens namnekonsulent kan også ha tungtvegande merknader om namnet.

Forvaltningsstyresmakt

Miljødirektoratet fastset kven som skal vere forvaltningsstyresmakt for verneområde. For verneområde som ligg i ein kommune, kan det vere aktuelt at kommunen vert forvaltningsstyresmakt dersom kommunen ønskjer det. For verneområde som ligg i fleire kommunar er det til vanleg Fylkesmannen som er forvaltningsstyresmakt.

Saksgang og prosess

Det er Fylkesmannen i Vestland som er ansvarleg for å lage verneframlegg og sende dette på høyring etter rammer sett av Miljødirektoratet.

Oppstartsmeldinga om arbeidet med marint vern kring Stad vart sendt i november 2017. Det har så langt som råd vore teke omsyn til innspel til oppstartsmeldinga ved utarbeiding av det endelege verneforslaget, som inkluderer framlegg til verneforskrift med vernereglar, avgrensing og verneverdiar. Ei oppsummering av innspela er teke inn i dette brevet.

Etter høyringa vil Fylkesmannen utarbeide ei tilråding for vern som vert sendt til Miljødirektoratet. Deretter sender Miljødirektoratet ei endeleg tilråding til Klima- og miljødepartementet som kan fremje vedtak om oppretting av verneområde for Kongen i statsråd. Eit eventuelt vernevedtak vil vere ein kongeleg resolusjon, der verneforskrifta med tilhøyrande vernekart er dei juridisk bindande dokumenta.

Under følgjer ei fullstendig gjennomgang av verneprosessen:

Overordna rammer frå Storting, regjering og Klima- og miljødepartementet (KLD) (utført)



Miljødirektoratet gir Fylkesmannen oppdrag (utført)



Fylkesmannen melder oppstart av verneplanarbeidet. Innspel (utført)



Fylkesmannen sender høyringsutkast til direktoratet for fagleg gjennomgang.



Fylkesmannen gjennomfører høyringsprosess. Fråsegner til framlegget.



Fylkesmannen gir tilråding til Miljødirektoratet



Miljødirektoratet gir tilråding til KLD



Ev. vedtak ved kgl.res.

Det er såleis regjeringa som gjer eit eventuelt vernevedtak ved kongeleg resolusjon, der verneforskrifta med tilhøyrande vernekart er dei juridisk bindande dokumenta.

Dersom vedtak om vern vert ein realitet, skal Fylkesmannen i ettertid utarbeide forvaltingsplan for det einskilde området. Forvaltingsplanen er ikkje juridisk bindande på same måten som verneforskrifta, og skal skissere ei rettesnor for forvaltinga innanfor rammene av verneforskrifta. Det vil bli eigne høyringsprosessar for desse forvaltingsplanane.

Adresseliste

Høyringsbrevet og tilhøyrande dokument vert sendt til offentlege instansar, foreiningar og interesseorganisasjonar. Om de veit om fleire som vil ha interesse av å få informasjon, eller lurar på noko kan de gjerne kontakte oss, fmvlpost@fylkesmannen.no eller på telefon 57 64 30 00. Meir informasjon om arbeidet finn de på Fylkesmannen i Vestland sin nettstad: <https://www.fylkesmannen.no/vestland/miljo-og-klima/verneomrade/>

Til kommunen

Det er viktig med informasjon og tett dialog mellom Stad kommune, Fiskeridirektoratet og Fylkesmannen i denne prosessen.

Vi er opne for å orientere om saka i kommunestyremøte og for administrasjonen i Stad kommune. Vi ser det som aktuelt i tillegg til å halde opne informasjonsmøte i løpet av høyringa av framlegget.

Innspel

Alle involverte partar blir oppmoda til å ta del i høyringa. Fråsegn kan du sende til Fylkesmannen i Vestland, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger eller til fmvlpost@fylkesmannen.no. Merk saka med «Stad marine verneområde». Fråsegn kan også registrerast på Fylkesmannen i Vestland sine sider: <https://www.fylkesmannen.no/vestland/miljo-og-klima/verneomrade/>

Sakshandsamarar er seniorrådgjevar Maria Knagenhjelm (57643137, e-post maria.knagenhjelm@fylkesmannen.no).

Vi gjer merksam på at Fylkesmannen har ein offentleg postjournal og alle fråsegner blir registrerte her.

Om ein har gitt innspel til oppstartsmeldinga og ikkje har meir å tilføre no når saka er ute til høyring, treng ein ikkje skrive ny uttale. Vi tek med oss alle innspel til oppstartsmeldinga vidare i prosessen, der dei vil bli handterte som høyringsfråsegn med mindre vi har fått ny uttale frå dykk.

Dette brevet vert sendt elektronisk med alle vedlegg til dei instansar vi har e-post-adresse til. Andre instansar må sjølv finne fram til vedlegga på Fylkesmannen i Vestland si heimeside.

Høyringsfristen for å kome med fråsegn til verneframlegget er sett til xx.xx.2020.

Ved spørsmål, ta gjerne kontakt.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Eline Orheim
seksjonsleiar

Adresseliste:

Vedlegg 1: Kart over framlegg til Stad marine verneområde

Vedlegg 2: Framlegg til verneforskrift for Stad marine verneområde

Vedlegg 3: Gjennomgang av innkomne merknader til oppstartmelding og referat frå møte om Stad marine verneområde, med Fylkesmannen i Vestland sine kommentarar

Vedlegg

Gjennomgang av innkomne merknader til oppstartmelding for Stad marine verneområde, med Fylkesmannen i Vestland sine kommentarer

Hoddevik Velforening (v/ leiar Terje Hoddevik) skriv: «Takk for mail, syns dette er et meget viktig tiltak å få verna Hoddevika og resten av grunnområda rundt Stadt for taretråling ,dei raserer botnen, eg bur her og ser utfallet , vi ser det spesielt etter att dei har vært her på høsten , når storstormane begynne med voldsom sjø , det er da ingen tareskog som bremser opp bølgene og dei slår med full styrke mot kaianlegget , og vi har hatt mange ødeleggelse på kaianlegget som følge av dette, og en ting til som eg ser på som meget merkelig er att ei kjem om høsten med det samme hummersesongen åpner , då er dei på plass , ingen skal fortelle meg att dette ikke går utover hummaren , for eg har vore busett her i 50 år og veit kor hummeren vandrer og det er påfallende att dei fer rett igjennom der han står på denne tid av året, så kan de klare å få verna området rundt Stadt mot taretråling ville det være svært positivt for både hummer og sjøfugl, så håper de lukkes i dette arbeidet, eg vil gjerne delta på møtet , så om de kan sende meg en mail med tidspunkt for møtet angående Stadt ville det vært fint.»

For *Fylkesmannen* si vurdering sjå vår kommentar til fråsegn frå FMC Biopolymer Dupont og etter fråsegn frå Selje kommune.

La point Surf Camps v/ Gøran Sivertsson: «Jag heter Göran Sivertsson och är delägare i Lapoint Travels AS och jag undrar varför vi inte fått del av den här informationen direkt då vi är grunneiere i Hoddevik? Vi äger gbnr 46/20 och har surfkurser i Hoddevik och Ervik.

Den största turistnäringen på Stadlandet är väl förmodligen surfturism och vi jobbar mycket kring miljöfrågor och arrangerar strandstädningar och utbildar våra kunder så de ska ta hand om havet då det är en viktig del för oss långsiktigt också.

I den informationen ni skickat ut framgår det inget om vad ni tänker om surfing?

Vi vill gärna höra vad ni tänker om hur ett eventuellt vern skulle påverka oss som håller surflektioner i Hoddevik och Ervik.»

Fylkesmannen meiner at surfing kan halde fram ved marint vern i området.

Opplysningsvesenets fond har ingen merknader, men bed om å bli orientert om det vidare arbeidet.

Fylkesmannen: Opplysningsvesenets fond vil stå på høyringslista.

Sjøfartsdirektoratet «har ingen konkrete merknader til Melding om oppstart av verneprosess for to marine verneområde: Stad og Dalsfjorden: Melding om oppstart av

verneprosess for to marine verneområde Stad og Dalsfjorden. Når det gjelder det marine verneområdet ved Stad ser vi at det inkluderer noen skipsleder som går gjennom området. Da dette ligger inn under Kystverkets ansvarsområde regner vi med at det evt. vil bli kommentert fra Kystverkets side.»

Statens kartverk «føresett at karta til verneområda vert laget i samsvar med Miljødirektoratet sin produktspesifikasjon for verneområde og gjort tilgjengelege gjennom nettportalen geonorge.no. Kartverket vil og påpeike at Språkrådet ved Stadnamntenesta på Vestlandet skal vere gitt høye til å gi uttale til forslaga til marint vern. Me kan ikkje sjå at det er tilfelle for meldinga om oppstart.»

Fylkesmannen viser til at Språkrådet og Stadnamntenesta vil stå på høyringslista.

Nordfjord Fiskarlag har handsama saka på årsmøtet og gjorde følgjande vedtak: «Oppstart verneprosess marine område Stad:

Viser til melding frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Nordfjord Fiskarlag kan gå inn for det omsøkte verneområdet ved Stad då det er unntak for passive og aktive fiskereiskap. Nordfjord Fiskarlag ynskjer at området blir utvida mot syd til Libberen/Drage i Selje kommune. Sjå kartskisse.»

For *Fylkesmannen* si vurdering sjå vår kommentar til fråsegn frå FMC Biopolymer Dupont og etter fråsegn frå Selje kommune.

Sogn og Fjordane Fiskarlag «kan gå inn for det omsøkte verneområde ved Stad då det er unntak for passive og aktive fiskereiskap. Inkludert snurrevad og reketråling. Viser også til ynskje frå Nordfjord Fiskarlag at området på Stad blir utvida mot syd til Libberen/Drage i Selje kommune Sogn og Fjordane Fiskarlag har ingen andre merknader.»

For *Fylkesmannen* si vurdering sjå vår kommentar til fråsegn frå FMC Biopolymer DuPont og etter fråsegn frå Selje kommune.

Direktoratet for mineralutvikling (DFM) har ikkje innvendingar til oppstartmeldinga. «DMF er i denne samanhengen oppteken av at mineralressursar som har eller kan ha verdi ved uttak og utnytting, blir teke omsyn til i verneprosessen. Vern kan i tillegg til å gjere mineralressursar utilgjengeleg innafor sjølve verneområdet også medføre arealrestriksjonar utanfor verneområdet, og på denne måten legge avgrensingar eller føringar for uttak av mineralressursar utom verneområdet. DMF kan ikkje sjå at det er registrert regionale eller nasjonalt viktige mineralressursar i direkte tilknytning til dei foreslegne verneområda. På Stad er det uttak i drift som ligg nært inntil foreslått verneområde. Om ny kunnskap i framtida viser at det finst viktige førekomstar av mineralske ressursar i verneområda, kan eventuell uttak av desse førekomstane vurderast konkret i kvart enkelt tilfelle ut i frå den generelle dispensasjonsføresegnene i naturmangfaldlova § 48. Denne lyder: "Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig." Eventuelle konsekvensar av restriksjonsnivå for

utnytting av mineralske ressursar skal utgreiast i den vidare prosessen, og DMF har difor ikkje noko innvendingar til melding om oppstart.»

Fylkesmannen viser til DFM si forståing av at uttak av mineralressursar må vurderast etter § 48 i naturmangfaldlova.

Bergen sjøfartsmuseum «kjenner til marine kulturminne innanfor begge dei planlagde områda ved Stad i Selje kommune og Dalsfjorden i Gaular, Fjaler og Askvoll kommunar. Me stiller oss positive til forslaget om marine verneområde og dei effektane dette vil ha på dei marine natur- og kulturmiljø i områda. Medan dei føreslåtte verneforskriftene ikkje hindrar tiltak i områda blir det fortsatt aktuelt for museet å utføre fleire registreringar i områda i forbindelse med planarbeid eller tiltak i framtida.

Museet har ingen andre merknader til dei planlagde tiltaka.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.»

Fylkesmannen ser positivt på at Bergen sjøfartsmuseum vil følgje opp i framtida.

Sogn og Fjordane fylkeskommune «tek varsel om oppstart av verneplanprosessane til vitande. Det vert vist til saksutgreiinga når det gjeld innspel til oppstart av verneplanarbeidet. Fylkeskommunen vil kome attende med nærare innspel knytt til våre ansvarsområde når utkast til verneplan kjem på høyring. Fylkesutvalet er uroa over konsekvensane vern kan ha for utbygging av viktig infrastruktur og for næringslivet i desse områda. Dersom ein vel å gå vidare med desse planane, så må det gjerast ei grundig konsekvensutgreiing og det må takast omsyn til dei utviklingsplanane som kommunane har i desse områda no og i framtida.»

Fylkesmannen kan så langt ikkje sjå er det ikkje store konflikhtar med marint vern kring Stad med unntak for taretråling. Planområdet for marint vern er ikkje så stort at det utløyser krav om konsekvensutgreiing etter plan- og bygningslova. Vi vil så langt det er mogleg ta omsyn til moglege konsekvensar for infrastruktur og næringsliv i området.

Møre og Romsdal fylkeskommune «har ikkje vesentlege merknader til at prosess vert sett i gang. Område Stad grensar til sjøareal i Vanylven kommune og vi ber om at merknader derfra vert tekne omsyn til.»

Fylkesmannen vil orientere Møre og Romsdal fylkeskommune og Vanylven kommune om verneprosessen vidare (står på høyringslista).

Kystverket «har ikkje registrert ankringsområder eller viktige hamner i dei to kandidatområda, men ynskjer å påpeike at det er fleire aktive fiskerihamner innanfor

det føreslegne verneområdet rundt Stad. Dette gjeld Ervik, Honningsvåg og Eltvik fiskerihamn. Det vil her kunne vere behov for vedlikehaldsmudring og utbetring av infrastruktur i hamna og me ber om at verneføremålet og føresegner ikkje kjem i konflikt med naudsynt vedlikehald. Me har ingen vidare merknader til oppstarten av vernearbeidet.»

Fylkesmannen vil ta omsyn til behovet for vedlikehald og utbetring av infrastruktur i hamner slik at dette ikkje kjem i konflikt med marint vern.

Norges vassdrags- og energidirektorat NVE «kan ikke se at opprettelse av Stad marine verneområde er i konflikt med kjente vannkraftressurser. Det er gitt konsesjon for et testanlegg for flytende havvind i området som er gyldig frem til 01.01.2025, noe som også vil behøve sjøkabel for tilknytning. Denne må tas i betraktning under utarbeidelse av verneforskriften.»

Fylkesmannen merkar seg at sjøve testområdet ligg utanfor framlegget til vernegrense, slik at innspelet gjeld sjøkabel for tilknytning. Innspelet til NVE vil bli innarbeidd i verneforskrifta.

Grunneigarar på berørt strekning Fureneset – Liset (underteikna av i alt 23 personar) «henviser til plan om marint vern kring Stad, det er med stor skuffelse vi ser at vern i realiteten ikkje er planlagd "kring Stad" den svært utsette strekninga Fureneset —Liset er ikkje teken med i plan. Det har sidan taretrålinga starta på denne strekninga vore ei dokumenterbar auke i materielle skadar på dyrka mark, veg, bygningar, og andre kulturminner nær strandsona. Når den bølgedempande tareskogen er borte, går havbåra langt oppover land og gjer skade.

Vi ber med dette om at sjøstrekninga Fureneset - Liset vert teke med i planlagt verneområde.

Omsyn som bør vektleggast:

- Beredskap og sikkerhet for lokalbefolkning og turistar
- Vern av utvald naturlandskap Hoddevik - Liset
- På Drage er det nyleg funne helleristningar, den "forsterka" havbåra kastar stein langt oppover land som fort kan Øydelegge både oppdaga og hittil uoppdaga helleristninger.
- Forhindre skade på det historiske klyngetunet på Indre Fure
- Forhindre skade på den historiske naustrekka ved moloen på Drage
- Det store Naustet i Jøtten på Ytre-Fure (bygd kring 1800) fekk for få år sidan slått inn dører og sjøen viste seg å ha gått halvvegs opp i naustet som er fyllt med gamle båtar og andre lokal/kysthistoriske gjenstandar
- Naust og hytte i "Køyla" (mellom Indre og Ytre Fure) bygd rundt 1960 fekk for få år sidan omfattande skadar når havbåra gjekk langt over dei nivå den gikk før taretråling tok til i området.

For *Fylkesmannen* si vurdering sjå vår kommentar til fråsegn frå FMC Biopolymer DuPont og etter fråsegn frå Selje kommune.

Olav Ervik skriv i ein epost at «havna i Ervik lyt inn på verneplanen. Den er no for liten for bygdefolkets bruk, samt også at ein treng legge ein bølgebrytar på skrå utenfor moloen slik at sjøen mister kraft før den når inn i havna. Føremålet med ein bølgebrytar er å beskytte havna og nausta. Når Dagmar var på besøk, vart 5 naust teke av sjøen. Båter som stod i nausta, gjekk også tapt.

Når sjøen står på frå nordvest, kjem sjøen rett inn på havna. Båter kan i dag då ikkje ligge ute på havna. Hadde ein hatt ein god bølgebrytar, hadde ein meir kunne nytte havna i ein lenger tid for året, og ein hadde vore meir trygg for båtane.

Det er også viktig å kunne utvide havna med tanke på auka busetting i Ervik. To nye hyttetomter er solgt, og 10 nye tomter skal leggest ut, både for eneboliger og fritidsboliger. Det å ha ei god å funksjonell havn vert svært viktig i forhold til auka folketal i bygda. Med ein god bølgebrytar, ligg det til rette for å kunne utvide havna når behovet er der. Ein slik bølgebrytar vil også beskytte moloen for det verste været. Det er snakk om ein lengde på 50, kanskje 60meter frå land. Djubden i det aktuelle område er 5-7 meter. Den lyt ligge over havnivå på flod sjø. Og den lyt ha bredde der den gradvis skrånar ut mot havet. Begge deler for å ta kraften av sjøen.

Korleis ein skal konstruere denne, treng vi fagleg hjelp til. Detaljane lyt vi difor komme tilbake til. Men det som for oss no er viktig, er å få dette inn på planen slik at kan starte arbeidet når prosjektering og finansiering er på plass. Dette vil ta noko tid.

Eg legg ved to bilder som syner korleis havna i dag ligg ubeskyttet frå nordvest. Frå der båtane ligg, ser ein fritt ut i ope hav. Bilde to syner ytterste kanten på moloen. Ein bølgebrytar lyt starte frå odden framme til venstre og gå på skrå inn og forbi moloen. Vi ber om at denne for oss viktige bølgebrytar tas med inn i verneplanen slik ein ikkje lyt søkje dispensasjon etter at planen er ferdig.»

Fylkesmannen legg til grunn av hamna i Ervik kan utbetrast etter søknad om dette for å kunne fungere godt i framtida.

FMC Biopolymer Dupont (tidligere FMC/Pronova/Protan) skriv at dei og deira «samarbeidspartnere har høstet stortare i over 50 år bl.a. i Sogn og Fjordane. Vi har i denne tiden opparbeidet oss en betydelig erfaringsdatabase når det gjelder stortarens biologi, deriblant reproduktivitet og tilvekst. Denne forståelsen benyttes hver eneste dag til å gjøre kloke og langsiktige valg mht. til ressursutnyttelse og bærekraft.

Råvaresituasjonen ved vårt prosessanlegg har i de senere år vært presset, med flere dagers produksjonsstans grunnet råvaremangel. Råvaremangelen skyldes i stor grad nye fredningsbestemmelser, og enhver ytterligere utestengelse fra eksisterende høsteområder vil gi stor og direkte negativ effekt på våre aktiviteter.

Vi setter pris på at det delvis er tatt hensyn til vårt behov for råstoff i det aktuelle vernearbeidet, med åpningen for å opprettholde høsting øst av Stålet. Men verneforslaget vil føre til ytterligere dager med produksjonsstans fordi vi mister tilgang til deler av høstefeltene 105B, 106D og 109B. Vi har tidligere jevnlig høstet mellom 1500-2000 tonn her, fordelt på to høstesykluser.

Nordfjord Fiskarlag har foreslått å utvide vernesonen til også å gjelde 103E og 104C, hvor vi jevnlig høster 5000-6000 tonn, fordelt på to høstesykluser. For oss vil konsekvensene om vi skulle bli utestengt fra disse områdene innebære at vi går vi fra krise til katastrofe, med flere ukers produksjonsstans som følge av råvaremangel.

Vi vet at høsting av stortare er befestet med en del myter og feil forestillinger om hvordan dette påvirker naturmiljøet. En av dem er at grindtrålen som blir benyttet under innhøstingen skader havbunnen. Dette stemmer ikke. Grindtrålen er designet for å feste seg til stortare i overgangen mellom stilken og heftet, slik at det under høsting er minimal eller ingen kontakt mellom grindtrålen og havbunnen. Grindtrålen trekkes av en wire som er koblet til en vinsj på kranen på høstefartøyet, i en skrå oppoverrettet bevegelse. Utformingen av fremre del av grindtrålen er ovalt buet oppover, slik at høsteredskapet ikke skal sette seg fast i ulike formasjoner. Grindtrålen vil også lette seg opp i vannmassen ved for hurtig inntaung. Dermed har grindtrålen minimal, eller ingen, slitasjeeffekt på havbunnen.

Dupont har gjennom flere år samarbeidet med Havforskningsinstituttet (HI) i deres arbeid med å undersøke og dokumentere effektene av tarehøsting. Per nå er vi blant annet involvert i prosjektene «Biomassemodellen» og «Prøvehøsting Nordland». Det er utarbeidet flere rapporter fra alle prosjektene som har vært gjennomført og som er under gjennomførelse, og det har ikke vært funnet eller rapportert om skader på havbunnen grunnet tarehøsting. Dermed vil vi påstå at det er godt dokumentert av HI at grindtrålen som høsteredskap ikke skader havbunnen. Vi vil også påpeke at HI gjennom sine forskningsprosjekter har dokumentert at det ikke er funnet negative effekter av tarehøsting på fisk og krabber. Etter tarehøsting restitueres området raskt med ny tilvekst.

Etter vår formening viser HI sin forskning at det ikke er grunnlag for å påstå eller frykte at taretråling med bruk av grindtrål har negativ eller ødeleggende effekt på havbunnen eller fiskeriene. Ettersom det ikke er grunnlag for påstanden om taretrålingens ødeleggelser mener vi at det heller ikke er faglig grunnlag for utestengelse av kommersiell tarehøsting i de aktuelle områdene.

Et stengt høsteområde for stortare vil ha veldig store negative konsekvenser for vår næring, også sammenlignet med tradisjonelt fiskeri. Uavhengig dette er utestengelse etter vår formening også dårlig utnyttelse av en naturressurs som har stor betydning innen flere områder som farmasi, medisin, ernæring osv.

Stortaren er en fastsittende plante, og har ikke mulighet for å vandre fra et område til et annet. Alle tareforekomster "høstes" jevnlig av naturen selv, primært som følge av bølger, i hva vi betegner som stormhøsting. Stormhøsting river løs stortare, og det meste av stortaren havner i dyprenner og fordypninger lenger ute til havs.

Når det gjelder tematikken omkring referanseområder vil vi nevne at det allerede er flere nærliggende naturvernområder med forbud om tarehøsting, eksempelvis:

Sildekruna naturreservat, Vågsøy kommune, Sogn og Fjordane; Einevarden naturreservat, Vågsøy kommune, Sogn og Fjordane; Klovning naturreservat, Vågsøy kommune, Sogn og Fjordane; Veststeinen naturreservat, Bremanger kommune, Sogn og Fjordane.

Forskriftsfestet vern for disse områdene ble innført i 1993, og dermed er tareskogene her fullt restituert og innehar en funksjon som referanseområde for stortareskog, noe som tilsier at det ikke skulle være behov for flere referanseområder. I anbefaling fra rådgivende utvalg for marin verneplan 30. juni 2004, del 2.4.3. Referanseområder i forhold til taretråling:

Tareskog utgjør et dominerende kysthabitat og leveområde for et mangfold av arter, også fisk. Tare er samtidig en ressurs som høstes. For å redusere den totale belastningen for næringen, bør utvelgelse av taretrålfrie referanseområder i marin verneplan i størst mulig grad samordnes med områder som allerede er stengt eller foreslått stengt gjennom andre prosesser enn marin verneplan.

I naturmangfoldloven § 39 (marine verneområder) siste ledd slås det fast at når utøving av fiske er den eneste typen virksomhet som må reguleres for å oppnå verneformålet, skal regulering skje etter havressursloven. Havressurslova (06.06.2008 om forvaltning av viltlevende marine ressursar) har som formål å sikre en bærekraftig og samfunnsøkonomisk lønnsom forvaltning av de viltlevende ressursene og det tilhørende genetiske materialet og å medvirke til å sikre sysselsetting og bosetting i kystsamfunnene. Havressurslova § 19 gir hjemmel for å oppdrette marine beskyttede områder der høsting og annen utnytting av viltlevende marine ressurser er forbudt. Det kan gjøres unntak for høstingsvirksomhet og annen utnytting som ikke er i strid med formålet med det beskyttede området.

Oppsummert ønsker FMC å spille inn følgende momenter i den videre prosessen med vernearbeidet:

- Tarehøsting hverken forringer eller ødelegger havbunnen
- Tarehøsting har ikke negative effekter på fisk og krabbe
- Uttestengelse fra et område vil føre til større press på andre høstefelt
- Uttestengelse vil ha en negativ effekt for verdiskaping og utnyttelse av en viktig naturressurs
- Nærliggende naturvernområder dekker behovet for referanseområder for stortareskog
- Marine verneområder for Stad og Dalsfjorden kan opprettes samtidig som en tillater tarehøsting i hele verneområdet.
- Vi håper at vi vil bli involvert videre i arbeidet med verneprosessen, og ber om at fremtidig informasjon formidles til undertegnede.»

Fylkesmannen ser at det er motsetningar mellom fiskeinteressene og taretrålingsinteressene, samstundes som det har kome klare ønskje og krav lokalt og frå Selje kommune om å avgrense taretråling på sørsida av Stad fordi dei meiner det skjer

erosjon og skade på anlegg i strandsona pga taretråling. I utgangspunktet vil taretråling ikkje bli tillate i marine verneområde m.a. fordi påverknaden er stor. Fylkesmannen er kome til at området på sørsida av Stad skal vere med i framlegget til marint vern, men at det i staden skal vere tillate å taretråle aust for Stålet og vidare austover. Både på sørsida av Stad og på nordsida aust for Stålet er det stortareområde av svært stor verdi, og med ei slik løysing får ein også eit godt grunnlag for over tid å sjå og vurdere verknaden som taretråling har på stortareskog sett i forhold til naturleg tareskog.

Magnus Fure ser med undring at vernesona på sørsida av Stad stoppar på vestsida av Fureneset: «Er det nokon stad på Stadlandet ein treng vernesone så er det frå Fureneset og inn til Liberra (til og med Drage). Hoddevik, Ytre Fure, Indre Fure og Drage er freda landområde, lite kan endrast der. Dei siste åra har storbåra (tungsjøen) vorte meir og meir trugande.

Verst var det under orkanen «Dagmar». Då skylde storbåra oljegrusen av vegen innanfor husa på Indre Fure, det var lite som mangla på at sjøen gjekk rundt eit av bustadhusa der. Aldri i manns minne har sjøen gått så langt opp på land. På Drage slo sjøen inn dørene på eit naust og ein båt som stod i naustet var sett på ende opp mot fremste enden av naustet.

Dei som bur på Indre Fure observert ei merkbar endring av sjøen som bryt mot land i storm og styggever etter at taretrålinga starta. Kwart år må ein lempe stein som sjøen har slengt opp på marka, nedatt i fjøra.

Det er klart at stortaren, som her på kysten kan verte godt over 2 meter høg, er ein effektiv dempar av tungsjøen. Tareskogen er og oppvekstsone for fisk. Det burde vere forbode å drive med taretråling langs strendene i slike verharde strøk som her på Stadlandet.

Så til slutt: Eg er fødd og oppvoksen på Indre Fure. No bur eg på Fløde på nordsida av Stad. Eg har ingen eigarinteresse på Fure, men eg meiner det er gale at klyngetunet der skal bli skada av sjøen på grunn av taretrålinga. Eg og mange med meg håpar vernesona kan utvidast inn til Liberra.»

For *Fylkesmannen* si vurdering sjå vår kommentar til fråsegn frå FMC Biopolymer DuPont og etter fråsegn frå Selje kommune.

Fiskeridirektoratet skriv: «Slik vernet er foreslått i dag, meiner vi det må vere ope for taretråling aust for Stålet (med unntak av i Tungevågen, då det her allereie er etablert eit naturvernområde av typen våtmark). Dette var den opphavlege tanken med vernet ved Stad, der det som var vest for Stålet skulle vere eit referanseområde utan taretråling. I noverande framlegg er det ikkje lagt inn noko referanseområde. Av den grunn må område der taretråling er tillat kunne utvidast i høve til framlegget.

Fiskeridirektoratet går sterkt i mot Fiskarlaget sitt forslag om å utvide planområdegrensene til og å gjelde heile taretrålingsfelta 104Cog 103E (til Libbera). Utifrå hauste/biomassedata ser vi på desse to felta som veldig viktige for tarenæringa.

Samtidig vil tarenæringa med framlegget som ligg føre for marint vern, miste høve til å hauste tare på store delar av vestsida av Stålet, noko dei og vil tape store haustekvantum på.

Vi er og uroa for at konsekvensen av å stenge for store områder i forbindelse med marint vern ved Stad kan føre til eit større press på andre tarehaustingsfelt langs kysten. Frå havforskningsrapporten 2017 finn vi følgande om hausting av Stortare;

«Tarehøsting, som på norskekysten foregår med tindetrål, reguleres gjennom fylkesvise forskrifter der kystområdene deles inn i felt som er åpne for høsting hvert femte år (hvert fjerde år i Rogaland), utan at det foreligger kvotebegrensninger på uttaket. Taretrålingen går mest ut over de store tareplantene, mens småplantene som overlever vokser raskere på grunn av bedre lysforhold, og vil med tiden reetablere tareskogen. På grunn av kuperte bunnforhold, som er lite tilgjengelig for taretrålen, er det vanligvis partier med uberørt tareskog på feltene der det høstes stortare. Selv om tarehøstingen er et avgrenset inngrep, vil likevel tareskogens økologiske funksjon reduseres i en viss periode, avhengig av uttaksgrad og tarevegetasjonens reetableringsevne.»

Det er ikkje kome noko forskingsresultat som seier at tarehausting påverkar fiskeria negativt i stor grad og det pågår kontinuerleg forskning på området.

For Fiskeridirektoratet er det viktig at tarehaustingsfeltene som har størst nytte for tarenæringa framleis er opne for taretråling. Vi foreslår difor at forbodet mot taretråling innafor verneområdet vert avgrensa til eit område frå Furestaven til Kjerringa (Dekkane naturreservat). Sjå vedlagt kartutsnitt. Alternativt kan heile verneområde Stad innskrenkast til berre å gjelde område frå Furestaven til Kjerringa (Dekkane Naturvernområde).

Haustekvantum på haustefelta ved Stad siste 5 år.

Hausteperiode	Felt	Tonn
01.11.2015 - 31.08.2016	103E	3250
01.11.2013 - 31.08.2014	104C	1752
01.11.2017 - 31.08.2018	105B	545
01.11.2016 - 31.08.2017	106A	185
01.11.2016 - 31.08.2017	107A	0
01.11.2014 - 31.08.2015	108D	1148
01.11.2017 - 31.08.2018	109B	1773
01.11.2015 - 31.08.2016	110E	467

Figur 1. Data frå FMC/ Dupont

Det føregår og fiske med snurrevad i vikene ved Stadlandet. Det er viktig at dette fisket kan føregå uhindra av verneframlegget.

Fylkesmannen viser til kommentaren til FMSC Biopolymer si uttale. Fiske med snurrevad vil framleis kunne skje i eit marint verneområde kring Stad.

Selje kommune var positive til oppretting av Stad marine verneområde. «Havområde utanfor Stadhalvøya er slik vi ser det eit unikt og værhardt område som er unikt i nasjonalt og internasjonalt samanheng. Derfor er Selje kommune er positive til oppstart av marint verneområde for Stad.

Selje kommune vil påpeike i vidare prosess fylgjande: 1. Marint verneområde bør utvidast til å gjelde havområde frå Ytre Fure til og med Drage på sørsida av Stadhalvøya.

2. Forvaltning av eit eventuelt verneområde må ikkje føre til forbod med tradisjonell fiskeri i område som krabbefiske, garn og snurrevad.

3. Marint verneområde vil ved endeleg vedtak om vern vere ein av fleire område i Selje kommune som har ein spesiell vernestatus. Selje kommune ber om at forvaltninga av desse områda vert samkjørt og dialog vert oppretta med Selje kommune om å få til ei god forvaltning av områda med spesiell vernestatus.»

Fylkesmannen har innhenta meir kunnskap og halde møte og synfaring for betre vurdere om området på sørsida av Stad skal vere med i framlegget, og vi er kome fram til at det vil vere rett å ta denne utvidinga i høyringsframlegget (sjå under) i tråd med Selje kommune si avgrensing, som samsvarar med kart som viser verneverdig kulturlandskap på land. Tradisjonelt fiske kan halde fram. Fylkesmannen er samd med Selje kommune om at ein må få til ei god forvaltning i området, og det er då naudsynt med eit godt samarbeid med kommunen. Samanhengen mellom marint vern og vern på land er viktig.

Tema på møte med Selje kommune og på folkemøte 6.12.2017

Kompensasjon for vern, m.a. for ikkje lov til å ta opp sand. Vert teke opp i kommunen si fråsegn.

Utviding av området? Aktuelt å utvide med området utanfor Fure (ytre og indre) mot Drageidet, for å få forbod mot taretåling.

Det er viktig med inngrepsfritt utsyn frå Selje Kloster; dette er ein av grunnane til at det er aktuelt med utviding.

Spreidde avløp/kloakk: Vert det strengare eller meir liberalt med marint vern?

Rådgivande utval kan vere bra, og viktig for kommunen med eit fast kontaktpunkt i forvaltninga av eit marint verneområde.

Surfing er tillate.

Skipsvrak og kulturminne kan vere produktive område for fisk.

Kommunen har fått søknad om etablering av kunstig rev laga av tunnelmasse frå ein evt. framtidig Stad skipstunnel. Dette må avklarast i ein i overordna plan for tunnelen og i verneprosessen. Kunstig rev for å lage gode surfebølgjer er døme på ein type inngrep som ikkje vil vere tillate eller få dispensasjon i eit verna område.

I framtida vil kanskje kome akvakulturanlegg som toler mykje vêr og vind.

Vindmøller utafør kysten, i havet, må leggjast utanfor eit marint verneområde.

Vil vernet få konsekvensar for bygging av sjøbod/naust og molo? Svar frå Fylkesmannen er at vernet påverkar ikkje tiltak på land/ til marbakken, dette vert regulert av plan- og bygningslova.

Mudring rundt eksisterande moloar vil ein få dispensasjon for.

Hummerfiske vil vere tillate.

Taretråling vil til vanleg ikkje vere tillate i eit marint verneområde. Det same gjeld opptak av skjelsand.

Bruk av snurrevad vil vere lovleg. Vernet gjeld livet på botn. Forbod mot botntrål, medan snurrevad går lett over botnen utan å ta med seg.

Rekestråling er akseptert i dei marine verneområda i Hordaland.

Eit marint verneområde kring Stad vil bli vist på alle offisielle kart over området.

Kystverket og Statens naturoppsyn vil stå for oppsyn, og ein vil prøve å få oppsyn forankra lokalt.

Avhengig av statsbudsjett vil ein kunne få midlar til tiltak, m.a. mot marin forsøpling.

Møte med Selje kommune og Fiskeridirektoratet 4. juni 2019

Møtet var ein gjennomgang med Selje kommune og Fiskeridirektoratet under Fylkesmannen sitt arbeid med å lage eit framlegg på høyring, og få innspel. Fiskeridirektoratet tok opp at området aust for Stålet er viktig som referanseområde for taretråling, dvs. korleis taren utviklar seg med og utan hausting. Ein bør ha meir detaljert faggrunnlag og kunnskap om området som bør skjermast mot taretråling. Området sør for Stad er viktig for taretråling. Kan ein sjå området aust for Stålet og sør for Stad i samanheng når det gjeld taretråling (makebyte?). Selje kommune ønskjer ikkje taretråling på sørsida av Stad. Marint vern må sjåast i samanheng med vern på land. Hasting av tare aust for Stålet er ikkje så konfliktfylt. Selje kommune tok opp at dei i kommuneplanen vil ta opp at det kan etablerast akvakulturanlegg aust for Stålet ned mot Tungevåg. På bakgrunn av møtet var det semje om å ha ei synfaring i området Indre Fure-Drage.

(Det er eige referat frå møtet som er offentleg tilgjengeleg.)

Synfaring 11. september 2019 i området Fure-Drage.

På synfaringa kom det fram at Selje kommune, lokalbefolkning og fiskeinteressene meiner taretråling gjer stor skade på sørsida av Stad, og dei ønskjer difor eit marint vern som kan stoppe taretråling her. DuPont Norge, som driv taretråling i området, meiner skadane er overdrivne og ikkje i særleg grad kan skuldast taretråling. Dei haustar truleg kring 40-50% av stortaren som finst kvar gong dei haustar, og området er viktig for dei. Selje kommune ønskjer å sjå marint vern i samanheng med vern og utvald kulturlandskap i samanheng og bed om at det marine verneområdet vert utvida frå Fureneset til Liset.

(Det er eige referat frå synfaringa, som er offentleg, med fire fråsegner som kom inn etter synfaringa som vedlegg.)

Etter synfaringa kom det inn nokre fråsegner som oppfølging av møtet.

Selje kommune v/ ordførar Stein Robert Osdal: «På vegne av Selje kommune eg takke for ei god synfaring på Fure og Drage i samband med forslaget om marint vern av sjøområde rundt Stadhalvøya. Selje kommune har tidlegare spelt inn moment i denne saka og vi er som kjent positive til oppretting av Stad marine verneområde. Havområde utanfor Stadhalvøya er slik vi ser det eit unikt og vêrhardt område som er unikt i nasjonalt og internasjonalt samanheng. Selje kommune har tidlegare spelt inn desse momenta:

1. Marint verneområde bør utvidast til å gjelde havområde frå Ytre Fure til og med Drage på sørsida av Stadhalvøya.
2. Forvaltning av eit eventuelt verneområde må ikkje føre til forbod med tradisjonell fiskeri i område som krabbefiske, garn og snurrevad.
3. Marint verneområde vil ved endeleg vedtak om vern vere ein av fleire områder i Selje kommune som har ein spesiell vernestatus. Selje kommune ber om at forvaltninga av desse områda vert samkjørt og dialog vert oppretta med Selje kommune om å få til ei god forvaltning av områda med spesiell vernestatus.»

Selje kommune ønsker som sagt å sjå forvaltninga av dei verdifulle natur og kulturlandskapsområda på Stadlandet under eitt og ser det som naturleg at ein no, når marin verneplan skal fastsetjast, ser samanhengen med vernet på land. I dag har vi følgande verna områder på Stadlandet:

Tungevåg naturreservat – verneplan for våtmark, Dekkjene naturreservat - Verneplan for myr, Høgfjellet naturreservat - Verneplan for sjøfugl og Dalsbøvassdraget – verneplan for vassdrag.

I tillegg har vi eitt av 4 utvalde kulturlandskap i Sogn og Fjordane (dei andre 3 ligg i indre Sogn); - Stadlandet (Liset - Hoddevik) - landskapsregion kystbygdene på Vestlandet. Klyngetunet på Indre fure er blant dei viktigaste kvalitetsselementa i dette vernet. Dette området har Fylkesmannen i Vestland forslått som kandidat område for supplerande vern – desse kandidat områda skal bidra til å oppfylle målet om vern av ein representativ del av norsk natur.

Selje kommune ynskjer å ta på alvor dei erfaringane som grunneigarane på Drage og Indre Fure spelte inn på synfaringa onsdag 11.9.2019. Grunneigarane sitt fokus var skade på strandsone, veg mellom Drage og Fure, oppsamling av laustare i strandsone, fiskeområda som kan stå i fare og tareskogen sin funksjon når vi får meir ekstremvær. Vi har eit sterkt fokus på bulyst og reiseliv i kommunen og kvalitetane vi finn i natur- og kulturlandskapet her er særst viktige verdiar for oss som bur her og noko vi stolt syner fram til besøkande. Berekraftig reiseliv er ei næring i vekst. Med bærekraftig reiseliv arbeidar ein for at turisme skal ha lav innverknad på miljø og lokal kultur, med mål om å sikre ei positiv innverknad og utvikling for lokal befolkning, reiselivsverksemdar og turistar. UNWTO (World tourism organization) har definert bærekraftig reiseliv med tre fokus på tre hovudområde: vern av natur, kultur og miljø, styrking av sosiale verdiar og økonomisk bærekraft. Dei tre hovudmåla inneheld ti delmål som saman skal sikre ei bærekraftig utvikling innan reiselivet.

Sjøområda utanfor Stadhalvøya vert mykje brukt som friområde og til rekreasjon, frå hausting av havet til rekreasjon. I Selje kommune sin arealplan er alle strendene på Stadlandet sett av som friområde for friluftsliv. Etter synfaringa onsdag, utifrå tankane omkring marint vern og dei mange verneområda (av ulik status) på Stadhalvøya ynskjer Selje kommune å spele inn til Fylkesmannen i Vestland at marint vern føl grensa til utvalde kulturlandskap som inkluderer område ved Liset utanfor Selje Sentrum. Vi støttar sjølvstøtt at marint verneområde skal ha grensa nordover slik det er omtalt tidlegare. Vi ser utfordringane som dette vil medføre for taretrålingnæringa og ein må vurdere å opne for meir taretråling på nordsida av Stadhalvøya slik Fiskeridirektoratet har uttalt i sitt innspel.

«Slik vernet er foreslått i dag, meiner vi det må vere ope for taretråling aust for Stålet (med unntak av i Tungevågen (naturreservat). Dette var den opphavlege tanken med vernet ved Stad, der det som var vest for Stålet skulle vere eit referanseområde utan taretråling. I noverande framlegg er det ikkje lagt inn noko referanseområde. Av den grunn må område der taretråling er tillat kunne utvidast i høve til framlegget.»

Nordfjord Fiskarlag: «Nordfjord fiskarlag ønsker å uttrykke følgende etter synfaringen på Indre Fure og Drage onsdag 11. september:

Fiskere har merket forskjell i fiskeriene utenfor Drage og Furelandet etter det har vært taretråling. Det virker til at i tiden etter taretråling blir det mindre fisk i dette området. Jeg har snakket med Hartvig Christie fra NIVA og han forteller at i etterkant av taretråling vil tareskogen vokse opp samtidig og man vil få en tareskog der all taren er av samme størrelse og den vil samtidig vokse veldig tett. Dette fører til at det kommer mindre lys ned til tarestilken og det kan påvirke dyrelivet som lever på tarestilken, som igjen er mat til fisk som beiter i tareskogen. En naturlig tareskog vil ha en sammensetning av ung og gammel tare, og vil ikke stå så tett slik at mer lys slipper ned til havbunnen.

Harald Berdahl fortalte på synfaringen at akkurat dette feltet var veldig godt egnet til tråling, da bunnforholdene er slette og fine. Dette fører til at trålerene får med seg en svært stor andel av taren akkurat her. Følger du følgende link kan du se at store uttak av slike områder kan gi reduserte mengder fisk i etterkant av tråling.

(<https://forskning.no/niva-fangst-fisk/mindre-fiskuten-tare/743953?fbclid=IwAR1qdCwVcsX5fGRqspyaWobTPliflezlxwjWykyfK3eGPL4L6TVMqyMXo>). Dette støtter det fiskerene opplever uten for Drage og Fure.

I tillegg var det nevnt at stortaren ikke har en dempende effekt på bølger og erosjon av strandsonen, ser du i følgende link fra HI står det at tareskogen blant annet er viktig som oppvekstområde for mange fiskeslag og som næringsområde for enkelte arter av sjøfugl. I grunne områder kan stortare også ha en bølge- dempende funksjon og motvirke erosjon av strandområder.

(https://www.imr.no/filarkiv/2006/03/2.5_Hoesting_av_tang_og_tare.pdf/nbno?fbclid=IwAR0TV7PPPL0ncn_5RSwfq-6CUr6lqvP3e3TKvV8TWUGmgXZsljdpFgH95Mc).

Et annet punkt som bekymrer Nordfjord fiskarlag er påvirkningen trålen har på hummer og andre skalldyr. grindtrålen er svært tung, og hva skjer når denne treffer havbunnen der hummer og krabbe gjemmer seg under steiner. Det er ingen forskning som beviser at tråling med grindtrål ikke dreper hummer. Feltene uten for Drage og Fure har vært svært viktige hummerfelt.»

Kjell Fure (grunneigar på Indre Fure): «Erfaringar i samanheng med tarehausting - på Indre Fure, 62 grader 6,19 minutt nord, 5 grader 10,34 minutt aust.

Dei to til tre siste åra har eg hatt stånde krabbeteiner, 4 til 5 stk, heile sommaren ifrå moloen på Fure, og ca. 500 meter vestover. Det har heile tida vore god tilgang på tildels stor krabbe slik at det ikkje har vore nødvendig å flytte på teinene. På det jamne var det alltid 40 - 60 krabbar i teinene når eg egna med ferskt agn.

I år kom tarehaustarane med tre båtar 5. april og hausta vedvarande t.o.m. 11. april.

Den 20. april sette eg teinene på dei vanlege plassane og opplevde fylgjande:

Fyrste natta fekk eg tre små krabba pr. teine. Andre natta fekk eg 3 på 2, 1 på 1 og 4 på 1 teine. Eg flytta då teinene, 4 stk. aust om feltet som var hausta, og då var det med ein gong oppe i normalen 40 – 60 tildels stor krabbe. Teinene fiska dag etter dag utan at eg måtte flytte dei, nett slik som det var frå moloen og vestover før tarehaustarane kom.

Når det gjeld hummarfisket er det vel ikkje vanskeleg å tenkje seg at arten lid under dei same årsakene som krabben, i tillegg til overfiske (yrkesfiskara) og fangst av stor hummar (avlshummar). Ein annan ting vi fastbuande merka oss etter tarehaustinga var at skarven oppsøkte hausta område i stort antall og faktisk tok til seg så mykje føde at den ikkje kom seg opp på steinane for å tørke vingene sine slik at dei kunne flyge til kolonien. Istaden låg den i sjøen og heldt vengene rett opp i lufta etter utallige dykk med mat i nebbet, noko som vi nesten aldri har sett før.

Idag, søndag 15/9 skjedde akkurat det eg sa på synfaringa den 11/9 -19. Den fyrste hauststormen sette inn med grov sjø frå sørvest / vest som enda opp med tonnevis med tare på strendene våre. Taremassen besto for det meste av stamme med bladkrune. Stammane bar tydeleg preg av gamle skadar, rota var delvis nedslitt og huda (barken) på stammane delvis i oppløysning. Ein del tare hadde friske røter, noko som er naturleg avgang men også vert forsterka når tareskogen allereie er utsett for rasering og så møter stormsjø.

For å underbygge dette reiste vi langs stranda aust om haustefeltet i retning Drage, Der kunne vi sjå reine strender, omtrent ikkje opplegg av hverken tarestamme eller unormal samling av tareblad. Med andre ord : heilt naturleg.

Eg skal ikkje komme med bastante påstandar, MEN ! ... dette er det vi ser og då er det i allfall ikkje vanskeleg å tenkje seg at det foregår ting på botnfaunaen som vi endå ikkje kjenner verknader av i samanheng med tarehausting. Dette syner meg at påstanden min om at ein betydeleg biomengde ligg att på botnen etter tarehausting, ikkje er noko eg har dikta opp.»

FMC Biopolymer Dupont sende etter synfaringa eit brev der Havforskningsinstituttet går gjennom stortaren sin bølgedempande effekt (brev av 20.03.2012). Her skriv Havforskningsinstituttet: «Modellforsøk (gjort ved UiB, NTNU og SINTEF) viser at stortare har en bølgedempende effekt (og reduksjoner i bølgedempingseffekten som følge av tarehøsting) for erosjon og skader på kystområdet er derimot usikker. I en undersøkelse gjennomført langs kysten av Møre og Romsdal der erosjon av strender innenfor, og utenfor tarehøstingsfelt ble sammenlignet, fant man ingen sammenheng mellom tarehøsting og erosjonsskader fra bølger (Woll 1993). Det har heller ikke vært mulig å påvise endringer i bølgeenergien før og etter tarehøsting på Hustadvika (Mork 1996, Nilsen 1997). Eksperimentelle modellstudier viser at stortarens bølgedempende effekt avtar med økende bølgehøyde og vannstand (Løvås 2000). De største skadene på strender og installasjoner i kystsonen forekommer nettopp under kombinasjoner av høy vannstand og stor bølgehøyde, som f.eks. ved ekstremvær som «Dagmar». Stortarevegetasjon (eller fravær av denne) vil derfor sannsynligvis ha liten effekt på demping avdrag og storbåre under ekstremvær. Stortarens bølgedempende effekt avtar også med dypet, og er sterkest grunnere enn 2,5 meters dyp (Løvås & Trøum 2001). tarehøsting langs norskekysten er kun tillatt fra 2 – 20 meters dyp, og denne aktiviteten vil derfor i liten grad påvirke de gruntvoksende og mest bølgedempende bestandene av stortare.»

I tillegg viste FMC Biopolymer Dupont til to andre dokument fra Havforskningsinstituttet: «Tilstandsvurdering av C-felt for tarehøsting i Rogaland og Sogn og Fjordane i 2019» og «Tareundersøkelser Nordland 2018».

Forskrift om vern av Stad marine verneområde i Stad kommune i Vestland fylke

Heimel: Fastsatt ved kgl.res. med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldlova) § 34, jf. § 39 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

§ 1. (Føremål)

Føremålet med Stad marine verneområde er å ta vare på eit spesielt kystområde med trua, sjeldan og sårbar natur med eit rikt dyreliv, og som representerer naturtypar av særskilt naturvitskapleg verdi. Det er ei målsetjing å halde verneverdiane utan større grad av ytre påverknad, og området skal kunne tene som studieområde for forskning og overvaking.

Stad er eit uvanleg vêrhardt område på den inste delen av kontinentalsokkelen utover frå land, og geologi og mangfald ber preg av det. Mykje av det særprega biologiske mangfaldet er knytt til havbotnen, mellom anna korallar og store areal med tareskog. Dette er viktige oppvekst- og beiteområde for eit mangfald av marine artar.

Verneføremålet knyter seg til vassøyla og sjøbotnen.

§ 2. (Geografisk avgrensing)

Det marine verneområdet dekker eit sjøareal på om lag 134 km² + ca 23 km² med grense mot land langs dybdekote 2 m under sjøkartnull for heile området unntatt der det marine verneområdet grensar til naturreservat på land.

Grensene for det marine verneområdet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet xx. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart blir oppbevart i Stad kommune, hos Fylkesmannen i Vestland, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

§ 3. (Vernereglar)

I det marine verneområdet må ingen setje i verk noko som direkte eller indirekte kan øydelegge eller redusere verneverdiane i verneføremålet.

- a) Vegetasjonen, medrekna tang, tare og andre marine planter, er verna mot skade og øydelegging. Planting av vegetasjon er forbode.
- b) Dyrelivet i sjø og knytt til sjøbotnen er verna mot skade og øydelegging. Utsetjing av organismar er forbode.

- c) Området er verna mot tiltak som t.d. etablering av ulike typar anlegg, utfylling, byggeverksemd, plassering av konstruksjonar på sjøbotnen, andre varige eller midlertidige innretningar, legging av rørleidningar og kablar, utføring av avløpsvatn og andre konsentrerte tilførsler av ureining, mudring, uttak og deponering av masse, sprenging, boring, utslepp av kjølevatn frå land, omrøying av vassmassar og oppankring. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømande.

§ 4. (Generelle unntak frå vernereglane)

Vernereglane i § 3 er ikkje til hinder for:

- a. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsel eller forvaltingsoppgåver som er bestemt av forvaltingsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemd.
- b. Fortøying av småbåt, og anlegg av fastfortøying, dragfortøying og oppankring mot land. Fortøyingsmiddel på faste fortøyingar må være i stein eller anna materiale som ikkje ureinar.
- c. Hausting av viltlevande marine ressursar i samsvar med havressurslova og anna gjeldande lovverk, med unntak av stortare sør for Stad og vest for Stålet, sjå § 4m.
- d. Bruk av registrerte kaste- og låsesettingsplassar.
- e. Fiske i samsvar med lakse- og innlandsfiskelova.
- f. Jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk.
- g. Ferdsel med båt eller andre fartøy, og oppankring mot land.
- h. Drift og vedlikehald av eksisterande sjømerke og andre navigasjonsinstallasjonar.
- i. Drift og vedlikehald av eksisterande sjøkablar og naudsynte reparasjonar ved akutt utfall.
- j. Drift og vedlikehald av andre eksisterande anlegg og innretningar, medrekna vegar, bruer, hamner, brygger, moloar, båtstøer og båthus.
- k. Oppgradering og fornying av eksisterande sjøkablar for å heve spenningsnivå og auke linjetverrsnitt når dette ikkje føreset vesentlege fysiske endringar som ikkje er i samsvar med verneføremålet.
- l. Miljødirektoratet kan av omsyn til korallførekomst ved forskrift regulere eller forby verksemd i det marine verneområdet.
- m. Hausting av stortare aust for Stålet (5°11'9" Øst) på nordsida av Stad.

§ 5. (Spesifiserte dispensasjonsreglar)

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gje dispensasjon til:

- a. Oppføring av naudsynte navigasjonsinstallasjonar og andre farledstiltak for å trygge ferdsle til sjøs.
- b. Legging av kablar og røyrleidningar, så langt som mogleg samla i korridorar.
- c. Oppgradering og fornying av sjøkablar som ikkje fell inn under § 4.
- d. Tilretteleggingstiltak for friluftsliv.
- e. Småbåthamner medrekna m.a. flytebrygger og fortøyingar.
- f. Tekniske tiltak som inneberer små inngrep på botnen og som ikkje påverkar dei marine verneverdiane inkl. vassutskifting og straumforhold nemneverdig.
- g. Vedlikehaldsmudring.
- h. Istandsetting, skjøtsel og vedlikehald av kulturminne.
- i. Mindre uttak av sand til eige bruk for tilgrensande grunneigarar.
- j. Bølgjedemparar og moloar i samband med småbåtanlegg.
- k. Etablering av akvakulturanlegg aust for Stålet (5°11'9'' Øst) og ned mot Tungevåg når dette ikkje kjem i strid med verneføremålet.
- l. Fangstbasert akvakultur.
- m. Levandelagring av fisk.
- n. Uttak av framande, introduserte artar.

§ 6. (Generelle dispensasjonsreglar)

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta om det ikkje er i strid mot føremålet til vernevedtaket og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig, eller dersom tryggleikssyn eller omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, i samsvar med naturmangfaldlova § 48.

§ 7. (Skjøtsel)

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den naturtilstanden som er føremålet med vernet, i samsvar med naturmangfaldlova § 47.

§ 8. (Forvaltingsplan)

Forvaltingsstyresmakta skal utarbeide ein forvaltingsplan med nærare retningsliner for forvaltning og skjøtsel av det marine verneområdet. Forvaltingsplanen kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

§ 9. (Forvaltingsstyresmakt)

Miljødirektoratet fastset kven som skal ha forvaltingsstyresmakta etter denne forskrifta.

§10. (rådgjevande utval)

Det kan opprettast eit rådgjevande utval for forvaltinga av verneområde.

§ 11. (Iverksetjing)

Denne forskrifta tek til å gjelde straks.

Framlegg til
Marint verneområde Stad



Stad kommune, Vestland

— Grense for verneområdet

Målestokk = 1 : 70 000
Ekvidistanse: 20 meter
WGS 84, UTM sone 33
Kartgrunnlag: N50, Norge Digitalt

0 1 2 km

Kartproduksjon: Fylkesmannen i Vestland



286000 287000 288000 289000 290000 291000 292000 293000 294000 295000 296000 297000 298000 299000 300000 301000 302000 303000 304000 305000 306000 307000 308000 309000 310000 311000 312000 313000 314000

6887000 6888000 6889000 6890000 6891000 6892000 6893000 6894000 6895000 6896000 6897000 6898000 6899000 6900000 6901000 6902000 6903000 6904000 6905000 6906000